



Lerøy Vest AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

Att. Eidsheim, Nils Arve

Svar på søknad om endra plassering av fôrflåte på lokaliteten Ramsvik i Alver kommune

Vi viser til søknad frå Lerøy Vest AS datert 11.02.2021 og oversendt frå Vestland fylkeskommune den 12.02.2021. Søknaden gjeld endra plassering av fôrflåte på lokaliteten Ramsvik i Alver.

Lokaliteten Ramsvik ligg i klarert areal i akvakulturregisteret, som igjen ligg delvis i AK-område i gjeldande arealplan for Alver kommune. Anlegget i dag er eit stålanlegg med integrert fôrflåte. Lerøy Vest AS ønskjer å modernisere drifta på anlegget ved å oppgradere fôrflåten slik at den kan ta imot fôrleveransar til silo som erstatning for leveransar i storsekkar. Dette vil betre sikkerheita for dei tilsette.

Statsforvaltaren rådde frå flytting av fôrflåten då avstand til nærmaste bustad vart kortare, jf. brev frå Statsforvaltaren datert 12.02.2021. Vi skreiv då at det er ikkje trong for endring av utsleppsløyvet, men det er trong for støykartlegging for å syne korleis vilkåra i utsleppsløyvet kan haldast.

Lerøy Vest AS har fått utført støykartlegging, motteken 31.05.2021. I brev frå Lerøy Vest AS blir det gjort greie for kva tiltak som kan gjerast for at den nye plasseringa av fôrflåten på lokaliteten Ramsvik ikkje skal påføre nabo støypåverknad utover grensene som er gitt i løyvet. Lerøy Vest skriv og at dei etter at flåten har kome på plass og støyreducerande tiltak er gjennomførte, vil gjere ny støykartlegging for å stadfeste at dei driv innafør gjeldande støygrenser.

Statsforvaltaren har ikkje lenger merknad til flytting av fôrflåten. Vi tar svaret frå Lerøy Vest AS til vitande. Støykartlegging etter at støyreducerande tiltak er gjennomførte vil vere naudsynte for å stadfeste at lokaliteten blir drifta innanfor gjeldande støygrenser.

Med helsing

Gunn Helen henne
senioringeniør

Tom N Pedersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG